



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

21.08.2019

Vår ref:

2019/13341

Dykkar dato:

24.06.2019

Dykkar ref:

Norconsult

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til oppstartsmelding av detaljregulering av Manger barneskule i Radøy.

Vi viser til brev datert 21.06.2019, med varsel om oppstart av detaljregulering for Manger barneskule i Radøy kommune.

Føremålet med planen er å sikra skulen naudsynt areal for mindre utviding og utvikling. Det er mellom anna ynskje om å utvida skuleområdet noko inn i eksisterande friområde. Dette er vurdert som ei mindre endring av gjeldande plan for Manger sentrum (planID 2007000800). Sjølv om endringane har fokus på tilbygg og områda nærmast eksisterande bygningar, er planområdet avgrensa slik at det etter endring vert ein heilskapleg plan for skuleområdet. Det skal leggjast til rette for at det som vert grøne areal innanfor planen skal vera tilgjengelege for ålmenta.

Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (tbl) § 6-2 andre ledd.

Fylkesmannen vil kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

Slik vi forstår det vil planen opne for at skuleområdet skal utvidast inn i eit område som i dag er regulert til friområde. Planarbeidet må belyse bruken av området i dag og om det eventuelt er naudsynt med erstatningsareal jf rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging.

Etter det vi kan sjå vil barn og unge, folkehelse og friluftsliv i nærmiljøet vere viktige tema i planarbeidet.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. tbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.



På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



NORCONSULT AS AVD BERGEN  
Valkendorfsgaten 6  
5012 BERGEN

Dato: 20.08.2019

Vår ref.: 2019/12984-4

Saksbehandlar: malutk

Dykkar ref.:

Att. Hovland Sissel Anita

## Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid for Manger barneskule - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 24.06.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Manger barneskule. Hovudføremålet med reguleringa er å sikre skulen naudsynt areal for mindre utviding og utvikling. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplan der området er sett av til friområde. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglige innspel

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av barneskule inn i eksisterande friområde. Oppstartsvarselet seier at det skal leggjast til rette for at det som vert grøne areal innanfor planen skal vera tilgjengelege for ålmenta. Hordaland fylkeskommune er positiv til dette og rår til at det vert gjennomført ei kartlegging av planområdet i høve til noverande bruk.

#### Barn og unges interesser

Ein må i vidare planlegging sørge for at barn og unge sine interesser vert teken vare på. Dette kan skje ved til dømes direkte samspel med og innspel frå borna, registrering av barnetråkk og fokus på løysingar for utforming av uteareal, leike- og møteplassar, bygningar og tilkomstvegar. Det rås til at barn og unge får uttale seg i saka med ønsker og forslag som del av medverknadsprosessen. § 5-1 andre avsnitt i Plan og bygningslova seier: «Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.»

#### Folkehelse og universell utforming

Ein viktig del av folkehelsearbeidet er å skape gode rammer for folk i alle aldrar og livssituasjonar. Oppvekstvilkåra blir påverka av forhold i familien, barnehagen, skulen, i fritidsaktivitetar og dei fysiske omgivnadane i nærmiljøet. Fylkeskommunen viser til planretningslinjer frå *Regional plan for folkehelse 2014 – 2025*, der det mellom anna står:

*2.4 Det skal sikrast gode uteareal, leike- og møteplassar i sentrums- og nærmiljø. Utforminga må vere av høg kvalitet både estetisk og materielt og kunne nyttast av alle aldersgrupper.*

*2.5 Skular og barnehagar må ha uteområde og grøntareal som fremjar tilgjenge og aktivitet (fysisk, psykisk og sosialt) hos barn og unge. Tilkomsten må sikrast gjennom trygg gang- og sykkeltransport.*

*2.6 Tryggleik og kriminalitetsførebygging skal vere premiss når bustadområde, sentrumsområde og skolemiljø blir planlagde.*

Gjennom fysisk utforming og organisering kan skular leggje til rette for fysisk aktivitet og sunne levevanar. Omgivnader kan direkte og indirekte verke inn på helsa til barn og unge. Skular skal byggjast og drivast på ein måte som er tilfredsstillande for helsa.

Regional plan for folkehelse vektlegg at universell utforming må leggjast til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga, med heilsakleg og gjennomført design/arkitektur. Det er og eit mål at offentlege bygg, skular, haldeplassar og kollektivtrafikk skal vere universelt utforma innan 2025.

Tiltak for tilrettelegging også for grupper som har ulikt fysisk funksjonsnivå vil kunne sikra at fleire kan nytta seg av ute-, leike- og oppholdsareala. Dette vil vere viktig for moglegheita for aktivitet og sosial deltaking for flest mogleg.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Ut frå potensiale for nye funn frå førhistorisk tid i planområdet, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til planen. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ved synfaringa vil ein vurdere om tiltaket kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa av planområdet vil bli gjort så raskt som råd.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på barn og unges interesser, friluftsliv og folkehelse, universell utforming og kulturminne og kulturmiljø. Vi må gjennomføre ei synfaring av området før vi kan gje fråsegn til planen i høve til kulturminne og kulturmiljø.

Eva Katrine R. Taule  
konst. plansjef

Malene Utkilen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Planseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Sigrid Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Radøy kommune

FYLKESMANNEN I VESTLAND



NORCONSULT AS AVD BERGEN  
Valkendorfsgaten 6  
5012 BERGEN

Dato: 19.09.2019

Vår ref.: 2019/12984-6

Saksbehandlar: sigwols

Dykkar ref.:

Att. Hovland Sissel Anita

## Kulturminneglagt innspel etter synfaring - oppstart planarbeid - detaljregulering - Manger barneskule - planID 2007000800 - Radøy kommune

Viser til varsel om oppstart av planarbeid for Manger barneskule i Radøy kommune, og vårt brev med varsel om synfaring datert 20.08.2019. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminnevern.

Den 18.09.2019 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Det vart ikkje gjort funn av automatiske freda kulturminne, og potensialet for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:  
RADØY KOMMUNE



**Statens vegvesen**


Norconsult AS – Bergen  
Postboks 1199  
5811 BERGEN

Sissel Anita Hovland

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 19/166258-2 20.08.2019

## **Uttale – Oppstart av planarbeid – Fv. 5486 (fv. 410) – Manger barneskule – Radøy kommune – Detaljreguleringsplan**

Statens vegvesen viser til brev mottatt 24.06.2019. Frist for uttale er 20.08.2019.



Føremålet med planarbeidet er å sikre skulen naudsynt areal for mindre utviding og utvikling. Mellom anna er det ynskje om å utvide skuleområdet noko inn i eksisterande friområde. Planarbeidet skal danne ein heilskapleg plan for skuleområdet.

Området er i dag del av reguleringsplan *Manger sentrum (2008)*.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Faktaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### **Uttale:**

Statens vegvesen bed generelt om at det vert tatt omsyn til følgjande tema i reguleringsprosesser:

- Dei trafikale konsekvensane av utbygging som planleggast.
- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busshaldeplass, tilbod til mjuke trafikantar med meir).
- Forholda for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt.
- Byggjegrense til fylkesveg.
- Tiltaket sine konsekvensar i byggje- og anleggfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar.
- Vegtrafikkstøy.
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.
- Universell utforming

### **Spesielle merknader:**

Planområdet er knytt til fv. 5486 (tidl. Fv. 410), og ligg om lag 170 m sør for Manger sentrum og kryss mot fv. 525 (fv. 409). På denne strekninga er det därleg standard for tilbodet til mjuke trafikantar og einsidig fortau.

Statens vegvesen har særleg fokus for tilhøva for mjuke trafikantar ved skuleområder. Sjølv om denne planen ikkje skal legge til rette for auka kapasitet ved skulen, er det no større fokus på trafikktryggleik for mjuke trafikantar enn då skulen vart bygd. Vi ber difor om at vert fokus på dette forholdet i det vidare planarbeidet.

Vi rår til at det vert utarbeidd ei trafikkanalyse som omtaler den trafikale infrastrukturen slik den er i dag, og drøfte behov for nye tiltak. Vi tenker særleg på ei vurdering av reisemåte for tilsette og elevar, hente / bringe situasjon, behov for areal til parkering og snu- og manøvreringsareal, trygg varelevering og renovasjon. Vi vil særleg oppmøde kommunen om å drøfte trygge løysingar som legg til rette for at fleire kan gå og sykle til skulen. Vi oppmodar til å setje av tilstrekkeleg areal til sykkelparkering.

Vi vil i det vidare planarbeidet legge spesielt vekt på tryggleik for dei mjuke trafikantane, men også framkome på fylkesvegen og tryggleik i kryss til skulen. Handbok N100 Veg – og gateutforming skal liggje til grunn for val av løysingar. Vi rår til at planområdet vert utvida nordaust retning Manger sentrum, slik at det kan leggast til rette for tosidig fortau på strekninga.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

## Innspel frå NVE til varsel om oppstart av planarbeid for Manger barneskule – datert 23.08.2019

Vi viser til varsel om oppstart datert 21.06.2019.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstiller har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

### *Flaum, erosjon og skred*

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å forebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trøng for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

### *Vassdrag- og grunnvassstiltak*

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulempar for allmenne interesser, kan utlöse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trøng for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem kl fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

### *Energiplattform*

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjørende for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Ved oppstart av planarbeidet får vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreia og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nytlig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nytlege rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om alle plandokument vert sendt elektronisk til [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no).

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelpe til konkrente problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønsker bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing  
**Toralf Otnes**  
Senioringeniør

## Innspel til varsel om oppstart av reguleringsplan Manger barneskule – datert 17.07.2019

Manger pg - Ingen bemerkninger ved oppstart av detaljreguleringsplan - Manger barneskole - Gnr 45 bnr 1 , 54 med flere

 Mads Jansen <mads.jansen@ovf.no>  
To Hovland Sissel Anita

Epost fra Opplysningsvesenets fond

Vår ref: 19/1678

Deres ref: 5187192\sahov

Hei,

Vi takker for varsling av oppstart av omregulering. OVF har ingen bemerkninger på dette stadiet, men vil gjerne holdes orientert gjennom prosessen.

Med vennlig hilsen  
Opplysningsvesenets fond

Mads Jansen

arealforvalter

**Adresse**

Post: Pb 535 Sentrum, 0105 Oslo  
Besøk: Rådhusgata 1-3, Oslo  
Telefon: 23 08 15 00

**Web**

[www.ovf.no](http://www.ovf.no)